



Byggmester Nils J Solend AS
Stølen 12
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5721 - 22/91734

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
03.01.2023

Ferdigattest - gbnr 239/94 Eknes ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 1367/22
Tiltakshavar: Vidar Fjell-Solend
Ansvarleg søkjar: Byggmester Nils J Solend AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad og garasje på gbnr 239/94//.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.12.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.10.2022.

Skildring

Adresse:	Brevika 10. 5993 Ostereidet
Bygningstiltak:	Einbustad og garasje
Bygningsnummer:	Bustad: 301001943. Garasje: 301001986

Bruksareal:	Bustad: 103,6 m2
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5721

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Svein Magne Rusten Breivika 14 5993 OSTEREIDET

Mottakarar:

Byggmester Nils J Solend AS Stølen 12 5911 ALVERSUND
Cathrine Fjell Solend Hindenesvegen 201 5993 OSTEREIDET
Vidar Fjell-Solend Hindenesvegen 201 5993 OSTEREIDET